

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**802**] N-77589 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 60; 1989: 94 (note); 1990b: 18, 21, 29, [44]; NIyR VI: 103, 232, omtala som A248; Christophersen 1998: 27.)

Eigarinnskrift på merke av tre, 191 mm langt, 22 mm breitt og 4-6 mm tjukt. Den eine enden av merket er smidd til som eit slags handtak e. l., i andre enden eit hol for feste. Gjenstanden skil seg såleis ut i dette tilfanget av eigarinnskrifter. Det har form som eit skilblad til bruk ved veving, eller kanskje helst eit ufullført emne til eit slikt blad. I så fall kan dette vera ei eigarinnskrift av eit anna slag enn "merkelapptypen". Men forma på gjenstanden er likevel slik at han svært gjerne kan ha hatt den same funksjonen som tilfanget av merke elles synest å ha hatt, så med eit lite atterhald er han rekna med i tilfanget av merkelappar.

Funnet vart gjort i 1981, felt FG i hovudfase 7, som kan tidfestast arkeologisk til tida mellom ca. 1175 og ca. 1225. På ei av breisidene, i motsett ende av holet, er det runer. Innskrifta er 61 mm lang. Runene er 21-22 mm høge. Dei er godt bevarte og byr ikkje på vanskar av noko slag med omsyn lesemåtar. R. 3, 5, 11 og 13 har ei heilt karakteristisk form. Dei må lesast som **r**, men alle har opne bogar og kvist med ein sving inn mot staven nede ved grunnlina og kan nesten minna om **b** (jf. N786 ovanfor). Korkje nedre del av bogen eller kvisten tangerer staven. Ordskiljet mellom r. 6 og 7 har tre punkt.

Þ ǫ r ǫ r ǫ : ʏ ǫ r ǫ r ǫ ʏ ǫ

þ o r e r a : m i s e r e r e m i n

Þórir á. Miserere mín. 'Tore eig. Miskunne meg'.

Teksten i innskrifta er ei blanding av norrønt og latinsk språk. Til den vanlege eigarformularen *Þórir á* er verbet *miserere* føydd, med utfylling. Dette verbet kan ta personobjekt i genitiv, og dette syntaktiske forholdet står ved lag endå om det her har norrøn form: *mín*. Verbet er kjent frå mellomalderlatin gjennom liturgien: *miserere mei deus* - 'miskunne deg over meg, Herre'. Det er ikkje heilt opplagt korleis vi skal tolka dette tillegget i ei slik eigarinnskrift. Ein mogleg kontekst for ei slik bøn kan vi finna om vi ser merket som eigarmerking av varer som har vore transporterte over havet til Nidaros. Som vi har sett, kunne det vera mange eigarar involverte i ei og same skipslast. Merking av varene

hadde m. a. som funksjon å visa korleis tap skulle fordelast ved eventuelle grosshavari. Ved slike høve skulle tapet fordelast etter reglar som var å finna i lovbøkene, både i Grågås og seinare lovgjeving (jf. Hagland 1988a: 152). Dette eigarmerket kan truleg sjåast som ein parallell til innskrifta N614. Jamvel om utgjevaren der ikkje har oppfatta innskrifta som eit slikt merke, synest det rimeleg å lesa *Ari á* i første del av innskrifta. Tillegget vil på same måte som her, vera av religiøs art: *Sancti Ólafi-*. Det vil løysa dei problem som der er reiste med bruk av **u** for /o/ og samstundes setja innskrifta inn i same slags handelssamanheng som vi truleg har å gjera med i innskrifta her. Båe desse merka vil då kunna sjåast som ein formel til vern mot ulukke og forlis for den eller dei som var på veg over havet med sitt gods (jf. Hagland 1989: 93f).